


Forelska?

Kva er det som skjer med kroppen din når du forelskar deg? Her får du to svar: først ei forteljing og deretter ei forklaring.



Tekst: **ERNA OSLAND** har skrive både skjønnlitteratur og faktabøker. Det er derfor naturleg at ho nærmar seg den mangfaldige og mystiske tilstanden som forelskinga er, på minst to måtar. eosland@online.no

Illustrasjonar: **EDDIE JENSEN** (21 år) er teiknar og teikneserieskapar. t-k.deviantart.com

EI FORTELJING

Lov til å le! Om sjokolade, sex og ein plutselig plan

Kristoffer kastar seg på sykkelen. Han må vekk. Han må vere aleine. For han greier ikkje å slutte å glise.

Bak seg høyrer han Akin rope. Han vil vite om Kristoffer hugsar avtalen dei har, om han blir med til holmen.

Klart Kristoffer blir med!

Han, Akin og Erik skal symje til Brattholmen klokka seks. Han har ikkje gløymt det, han feigar ikkje ut. Dei skal ta holmen i kveld, og han skal vere med slik dei har planlagt.

Men no – akkurat no – må han vere aleine.

Han tar i gatedøra, ho er ikkje låst. Søstera er altså kommen heim, så han smyg seg inn. Og likevel står ho der, hans evige plageånd. Ho stirer på han og seier: – Del med meg! Du har, eg ser det på deg.

Han veit kva ho meiner. Ho vil ha sjokolade. Og ho trur at han har lommene fulle. Som regel har ho rett: Han har sjokolade, han bruker altfor mykje pengar på sjokolade, sjølv om han også får av faren. Han og faren er nemleg prikklike: Dei klatrar som aper, dei sym som selar, og dei elsker sjokolade. Dei klarer ikkje å la vere å smile når dei et sjokolade.

Han skubbar søstera unna, smett inn på rommet og låser døra.

Og begynner å le.

For 100. eller kanskje 1000. gong ser

han jenta i trappa. Ho trekkjer til seg beina, ho samlar håret. Ho reiser seg og spring sin veg.

For 10 000. gong.

100 000. gong?

Han har ikkje svaret. Han kan ikkje rekne det ut. Han – Kristoffer – som kan rekne ut kva som helst, har mist teljinga. Hjartet tar tusengangen, det er som om magen er full av sjokolade. Alt han vil, er å smile.

Eller le.

Han må le like høgt som når han og faren heiser seg inn på ei fjellhulle dei trudde var umogeleg å nå. Han må juble, som når han kryp inn på ein ny holme saman med Akin og Erik. Han må flire, som når han greier ei matteoppgåve alle andre har gitt opp. Berre det ikkje skjer inne i klasserommet, da!

I klasserommet har han gitt seg sjølv forbod mot å le, han vil jo ikkje vere overlegen. Og

likevel hende det i dag! Han greidde ikkje å halde seg da læraren kom og sa at han var imponert over den uventa framgangsmåten. Kristoffer begynte å fnise. Det var pinleg. Alle såg på han, han nådde så vidt å kviskre til læraren at han måtte på do, før han kom seg på dør.

Han hadde styrta mot trappa.

Og der – midt i trappa – skjedde det!

Opp trappa kom ei jente, i like stor fart som han kom ned. Han såg henne ikkje, han berre kjende henne, kjende tyngda av henne, varmen og pusten hennar da han vikla seg ut. For armar og føter – hennar og hans – dei var tvinna saman. Og håret hennar som først løfta seg opp, låg som eit teppe over han, svart og tjukt. Med lukt av karamellar. Om det ikkje var sjokolade, da?

Framleis kjenner han lukta av henne.

Ser henne komme, for 1000 000. gong.

Og så må han smile!

Smile som da ho framleis var framfor han og samla saman alt som datt ut av gymbagen: badedrakt og symjeføter. Det blei meir enn fullt da han rekte henne snorkelen.

– Fridykking, hadde ho stamma.

– Ja, eg har fått fri, altså.

Og så hadde dei begynt å le, begge.

Ute på kjøkkenet høyrer han mora og faren. Dei lagar middag. Og plutselig er Charlotte på døra hans: – Eg får ikkje til matten, og mor seier at du skal hjelpe meg. Opne døra, Kristoffer!

Han opnar døra. Og der står ho og stirer på han igjen.

– Ikkje nekt, kviskrar ho. – Eg veit at du har sjokolade, eg ser det på deg, du flirer! ➤



Opp trappa kom ei jente, i like stor fart som han kom ned.



Han smeller igjen døra. Han låser. Det er idet han tar armen til seg, han oppdagar håret. Eit langt, svart hår sit fast på genseren hans. Han dreg det til seg. Det er ein halvmeter, minst. Han legg det mot linjalen. 54,6 cm. Sakte krøllar han det saman til eit åttetal. Så opnar han matteboka og stikk det inn.

Var ho ny på skolen? Var det første dagen hennar? Og så hadde ho ramla over han?

Enn om ho kjem springande ned trappa på same tid i morgon? Han skal i alle fall vere der. På sekundet. Og han har planen klar!

Ute frå kjøkkenet høyrer han mora rope at det er middag. Han ventar litt, han vil prøve å sjå litt sur ut. Han får det nesten til før han reiser seg og går ut til dei andre.

Det er pannekaker til middag, yndlingsretten hans, men alt før han har forsynt seg, er måltidet spolert.

– Kristoffer er forelska, seier Charlotte. Han gjer som han ikkje høyrer det. Og heldigvis seier verken mora og faren noko. Men Charlotte gir seg ikkje.
 – Kristoffer er forelska, det lyser av han! Faren ser opp.
 – Gi deg, Charlotte!
 Da får ho blod på tann.
 – Det luktar dopamin av han.
 Kristoffer trekkjer pusten. Han må late som ingen ting, det er det einaste som hjelper når Charlotte begynner – den evige plageånda som trur ho veit alt.
 – Det stinkar, eg får ikkje ned ein bit, sukker Charlotte.
 – Da er du fri til å gå frå bordet, seier mora og ser strengt på henne.
 Etter det blir det stille. Ingen snakkar. Dei berre tenkjer på det Charlotte har sagt: Kristoffer er forelska.
 Dei ser det jo, ser kor han hiv innpå pannekaker. For straks han sluttar å tyggje, begynner han å smile. Han greier ikkje å la vere.
 Han smiler og tenkjer på jenta i trappa. Framleis kan han kjenne henne falle mot seg med alt håret, sjå henne reise seg og stire på han med store, mørke auge.
 Høyrde han ikkje at hjartet hennar slo?
 – Til dessert blir det sjokolade, seier faren, han er alt begynt å smile.
 Kristoffer strekkjer seg etter sjokoladen. Endeleg er det lov til å le.

EI FORKLARING

Om gutar, jenter og Den store biologiske planen

Når du blir forelska, begynner du å puste fortare, du raudnar, hjartet ditt bankar, pupillane blir store, og leppene blir raude.

Kvifor oppfører kroppen seg slik?

Fordi du er nær *ei* eller *ein* som du kan samarbeide med når du skal gi *ditt* bidrag til Den store biologiske planen. Kroppen din fortel deg at du er klar for sex! ➤

Dei synlege og godt kjende teikna på forelsking informerer også den utvalde. Teikna er så tydelege at det ikkje nyttar å prøve å skjule dei. Du må berre finne deg i at kroppen din er begynt å snakke utan ord.

Og utan å spørje deg først.

Det er nemleg hjernen, utan å rådføre seg med resten av kroppen, som har sett det heile i sving. Han har rett og slett tatt styringa. Vanlegvis produserer han jo både tankar, ord og kjensler, ofte i samarbeid med «deg». Men når det gjeld forelsking, er det annleis.

Forelskinga er så viktig i eit menneskeliv at ho ikkje kan overlatast til tanken. Her er det kjenslene som rår, dei tek kommandoen, og dei gjer det ved hjelp av *dopamin*.

Dopamin er eit *signalstoff*. Hjernen produserer det for å gi resten av kroppen signal eller beskjedar. Frå eit ørlite punkt i hjernen blir dopaminet «skote ut» til dei delane av hjernen som bestemmer kva du skal ta deg til.

Når du får eit dopaminskot, får du ei intens kjensle av glede. Du vil smile eller får – slik som Kristoffer i forteljinga over – intens lyst til å le.

Utskytinga av dopamin går så fort at du ikkje merkar det, derfor kan du heller ikkje stanse det. Det er som når du pustar. Du treng ikkje tenkje på å puste, hjernen passar på.

Og likevel er her ein skilnad. Du kan

BOKTIPS:

Juntafil. Sånn ca. alt om sex og kjærlyghet.

Gunhild Dahlberg og Webjørn S. Espeland
 Aschehoug, 2011

Kukbruk. En bok om kjærlyghet, følelser og kjønn.

Manne Forssberg og Daniel Eskils
 (illustratør)

Oversatt av Lisbeth Nilsen
 Spartacus, 2005

How to be ungdom.

Stian Barsnes Simonsen og Bjørn Brochmann (illustratør)
 Aschehoug, 2006

Fjortis. Alt du lurar på.


Mariann Youmans og Tora Marie Norberg (illustratør)
 Gyldendal, 2011

Hjernen.

Espen Dietrichs og Erik Newth
 Gyldendal, 2011

nemleg sjølv avgjere kor ofte du vil ha dopamin, slik har hjernen ordna det. Han «veit» nemleg at du vil prøve å oppnå mest mogeleg lykke, og derfor har han valt ut visse handlingar som gir deg nye påfyll av dopamin. Desse handlingane er ofte knytte til det å meistre utfordringar, det å lære noko nytt – eller finne ein kjærast. Alt dette er handlingar som skal tene Den store planen. Av den grunn blir dei straks lønte med dopamin og påfølgjande lykkekjensle.

På snedig vis blir vi altså styrte til å vere med på planen. Dopaminet sørgjer for det. Det gjer det ved å farte rundt i hjernen og gi oss lyst til å le. ➤



Beskjeden som dopaminet gir oss, er slik: Gjenta det som du gjer nett no, så blir du glad!

Gleda får oss altså til å gjenta ei viss handling, for sjølvsagt vil vi vere glade og lykkelege. Så vi gjer alt vi kan for å få eit nytt dopaminskot. Vi et sjokolade, vi drikk alkohol eller misbruker narkotika. Det er nemleg ikkje berre handlingar som blir lønte med dopamin. Ein del mat og drikke kan gi ein liknande verknad. Og narkotika. Narkotika kan få dopaminet til å samle seg i så store mengder at vi blir rusa. I verste fall klarer vi ikkje takke nei til nye inntak, vi blir avhengige, og dermed blir også hjernen sett ut av spel. Dei sterke rusmidla overstyrer planen til hjernen.

Men kva er det hjernen vil med oss? Han vil få oss til å lage barn. Og for å få dette til styrer han resten av kroppen til å tene Den store planen, ein plan som sjølvsagt er lik den

trongen alle andre dyr har til å reprodusere seg.

Veldig grovt kan vi oppsummere oppgåvene til dei ulike kroppsdelane slik: Musklane og beingrinda set oss i stand til å bruke reiskapar, byggje hus, jakte eller gå på arbeid. Munnen og magen skaffar energi og vedlikehald av kroppen.



NETTDEBATT

Er du einig? Handlar forelsking berre om biologi? Kva med dei homofile? Delta i debatten på foreningenles.no/faktafyk

Kjønnsorgana gir oss nye barn. Mens hjernen sjølv styrer alle desse funksjonane. Han gjer det ved å passe på å få oss glade. Ved hjelp av dopamin får hjernen oss til å like å ete, spesielt det som er søtt og har mykje energi. Han får oss også til å ta utfordringar og å lære oss nye ting.

Og han får oss til å like sex.

Gutar blir lykkelege over jenter. Mens jenter blir lykkelege av å støyte på gutar. Alt ved hjelp av dopamin. For både gutar og jenter produserer dopamin.

Men kvifor dei produserer ulike mengder dopamin alt etter kva gut eller jente dei ser, har forskarar ulike svar på. Psykologar meiner at det kan ha noko å gjere med at kroppen har trong til å kjenne seg trygg. Det vil altså seie at du forelskar deg i ein person som liknar på ein du alt kjenner, og som du derfor veit at du kan vere trygg på.

Dette kan vere rett. Men *tryggast* er det nok likevel å seie at framleis er denne biten av forelskinga si rolle i Den store biologiske planen eit uløyst – og herleg – mysterium. ■

KONKURRANSE

Skriv eit debattinnlegg der du argumenterer for eller imot denne artikkelen, og publiser det i debatten på foreningenles.no/faktafyk eller send det til kristine@foreningenles.no innan 1. april 2013. Maks talet teikn: 2000 med mellomrom. Jury vil vere redaksjonsrådet og redaktøren i Faktafyk. Vinnarane vil bli kontakta omgåande og namna publiserte i neste nummer av Faktafyk.

Tre av innlegga blir premierte med feite bokpakkar som inneheld berre splitter nye fakta- og dokumentarbøker for ungdom. Ein klasse kan stå som avsendar av eit innlegg.